

Dag og Tid stiller naive, men relevante spørsmål til utvalde forfattarar.

Kvifor skriv du?



- Kvifor skriv du?

- Altfor vanskeleg spørsmål.

Umogleg å svare på.

- Det er ikkje skikkeleg orden i det eg skriv. Likevel skriv eg for å skape orden, små område av orden. Eller for å forstå. Eller skape forteljingar til å leve med. Å klappe seg ei tekstleg overlevingsdrakt.

- Kva vil du med forfattarskapen din?

- Først skriv ein. Deretter finn ein noko å seie om kvifor ein skriv og kva høge hugmål som gjer at ein skriv.

- Mine høge hugmål er desse: Det er viktig å kjenne seg sjølv og sine negative og positive impulsar. Folk som ikkje kjenner seg sjølv og sin eigen vondskap, kan vere farlege og vanskelege, ikkje minst for andre. Det eg skriv, kan mellom anna vere til hjelp på dette feltet.

- Eg skriv både for unge og vaksne. Når det gjeld barne- og ungdomslitteratur, så ønskjer eg å gi håp, hjelp og støtte til å greie seg her i livet. Når det gjeld vaksenlitteratur, er eg råare og meir nådelaus og hegnar ikkje om illusjonane.

- Kva kunne fátt deg til å slutte å skrive?

- Min eigen død. Eller mangelen på kraft ved fysisk eller psykisk sjukdom eller alderdom.

- Korleis arbeider du?

- Eg er ein slask. Ingen har nokon gong sett meg skrive. Eg har eit arbeidsrom, men brukar det sjeldan. Eg gjer kva som helst for å sleppe å skrive. Men ein del blir gjort.

Eg har mange prosjekt i hovudet og på papiret samstundes. Det er ofte vage saker: ei kjensle, eit bilet, noko musikk, eigentleg kva som

- Eg er ein slask. Ingen har nokon gong sett meg skrive.

Rønnaug Kleiva

helst. I lang tid noterer eg usystematisk og med lite plan. Eg samlar i hop dei brokkane som høyrer til same prosjekt. Eg veit ikkje kvar det skal og kva det blir til. Om eg visste det, så hadde eg truleg ikkje gidda å skrive, spenninga eller trykket i det ville ha vore borte.

- På eit visst tidspunkt må eg likevel prioritere og velje meg eit prosjekt å fullføre. Eg vel det som pressar mest på eller er minst ulystbetont, alternativt det som er mest ulystbetont og derfor må gjera først for å sleppe å gå der og grue seg til å gjere det.

- Siste prosessen, etter at mesteparten av stoffet er skrive ned, er ein ordning- eller strukturingsprosess. Det er rimeleg greitt og ukomplisert arbeid. Deretter er det rett til notat og neste prosjekt. Og slik held det fram og fram og fram.

- Kva er god litteratur for deg?

- Eg vil ha ei eller anna erkjenningsutviding. For at det skal skje, må forma fungere.

- Er du plaga med tvil om verdien av det du skriv?

- Eigentleg ikkje. Undervegs ser eg jo at der er mange dårlege utkast, men eg har tru på

at eg skal greie å ordne og forbetre det. Alt er sjølv sagt ikkje like yllukka, men det er greitt, ein må våge å prøve og feile for å kome vidare. Nei, eg er ikkje plaga av tvil om verdien av det eg skriv.

- Kva forfattar eller bok har vore ekstra viktig for di eiga skriving?

- Somme har påverka meg når det gjeld form, andre på innhald, sjølv om det ikkje kan skiljast. Verka til Tarjei Vesaas og Marguerite Duras er viktige når det gjeld vaksenbøkene. Likeins Ágota Kristóf. Peter Pohl og Lygia Bojunga Nunes opna opp for barne- og ungdomslitteraturen og fekk meg til å skjone at alt kan skrivast om for dei yngre også, berre ein skriv godt. Men sjølv sagt er det langt fleire enn dette som har sett spor.

agnes@dagogtid.no

Rønnaug Kleiva

■ **Fødd i 1951**

■ **Debuterte med *Animasjon* (dikt) i 1985.**

■ **Skriv både for barn, ungdom og vaksne.**

■ **Siste bok: *Ikkje for varmt, ikkje for kaldt* (noveller), Samlaget 2008**

■ **Fem viktige bøker:**

Tarjei Vesaas: *Tårnet*

Jean-Paul Sartre: *Kvalmen*

Ágota Kristóf: *Beviset*

Marguerite Duras: *Moderato Cantabile*

Alle atlas som finst.